



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	918 999 361
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	VONETT AS
Forretningsadresse:	Brynalii 66 5705 VOSS

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2021 - 31.12.2021
-------------------------	-------------------------

Konsern

Morselskap i konsern:	Nei
-----------------------	-----

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Rune Nesheim
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	02.06.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 01.07.2023



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Inntekter frå kraftoverføring	12	121 407 982	92 803 025
Annan driftsinntekt		7 299 049	8 939 334
Sum inntekter	7	128 707 031	101 742 358
Kostnader			
Varekostnad		76 058	85 844
Kraftkjøp		25 806 808	3 609 066
Overføringskostnad		19 624 212	18 772 133
Aktivering egne investeringsarbeid	1	-5 254 655	-5 938 095
Lønskostnad	1, 5	29 850 126	25 154 483
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle egedelar	3	15 726 583	15 076 914
Nedskrivning av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	3		
Annan driftskostnad	1, 4	27 876 388	29 020 915
Sum kostnader		113 705 521	85 781 258
Driftsresultat		15 001 510	15 961 100
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		167 521	127 157
Anna finansinntekt			4 447 318
Sum finansinntekter		167 521	4 574 475
Rentekostnad til føretak i same konsern	7	1 243 341	360 886
Annan rentekostnad		2 683 023	1 065 365
Annan finanskostnad		-300	
Sum finanskostnader		3 926 064	1 426 251
Netto finans		-3 758 542	3 148 224
Ordinært resultat før skattekostnad		11 242 967	19 109 324
Skattekostnad på ordinært resultat	8	2 523 851	4 251 208
Ordinært resultat etter skattekostnad		8 719 116	14 858 116
Årsresultat		8 719 116	14 858 116



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Årsresultat etter minoritetsinteresser		8 719 116	14 858 116
Totalresultat		8 719 116	14 858 116
Overføringer og disponeringar			
Avgitt konsernbidrag (etter skatt)			9 381 060
Tilleggsutbytte			123 565 879
Avsett til annan egenkapital		8 719 116	-118 088 823
Sum overføringer og disponeringar		8 719 116	14 858 116



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	8		
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom		389 430 593	363 452 549
Maskinar og anlegg		40 976 976	42 861 975
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar o.l.	3	3 432 619	3 476 401
Sum varige driftsmiddel	3	433 840 188	409 790 925
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og andelar		125 400	125 400
Andre fordringar	6	802 897	628 194
Pensjonsmidlar	5	5 102 681	5 246 227
Sum finansielle anleggsmiddel		6 030 978	5 999 821
Sum anleggsmiddel		439 871 166	415 790 746
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer	11	2 860 449	2 624 204
Krav			
Kundefordringar	7	42 265 511	44 389 925
Andre kortsiktige fordringar		2 186 409	
Konsernkrav	7	25 038 865	
Sum krav		69 490 785	44 389 925
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar o.l.	9	1 114 190	966 686
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 114 190	966 686
Sum omløpsmiddel		73 465 423	47 980 815
SUM EIGEDELAR		513 336 590	463 771 561



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital (30 aksjar à kr 1 000 000)	2	30 000 000	30 000 000
Behaldning av egne aksjar	2		
Overkurs		209 095 629	209 095 629
Annan innskoten egenkapital		15 756 000	
Sum innskoten egenkapital		254 851 629	239 095 629
Opptent egenkapital			
Annan egenkapital		8 719 116	
Sum opptent egenkapital		8 719 116	
Sum egenkapital	10	263 570 745	239 095 629
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Utsett skatt	8	17 793 887	10 826 036
Sum avsetjingar for plikter		17 793 887	10 826 036
Anna langsiktig gjeld			
Konvertible lån	6, 13		
Obligasjonslån	6, 13		
Gjeld til kredittinstitusjonar	6, 13		
Langsiktig konserngjeld	7	55 583 702	54 493 825
Ansvarleg lånekapital	6	65 000 000	65 000 000
Øvrig langsiktig gjeld	6, 13		
Sum anna langsiktig gjeld		120 583 702	119 493 825
Sum langsiktig gjeld		138 377 589	130 319 861
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	7	13 147 623	13 143 422
Betalbar skatt	8		142
Skuldige offentlege avgifter		16 849 008	15 768 027
Kortsiktig konserngjeld	7	56 137 451	26 824 149



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Annan kortsiktig gjeld		14 611 550	5 842 709
Akkumulert meirinntekt	12	10 642 623	32 777 623
Sum kortsiktig gjeld		111 388 256	94 356 072
Sum gjeld		249 765 845	224 675 933
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		513 336 590	463 771 561



Vonett AS Kontantstraumoppstilling

	2021	2020
KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:		
Årsresultat før skattekostnad	11.242.967	19.109.324
Betalt skatt i perioden	-143	-409.761
Ordinære avskrivningar	15.726.583	15.076.914
Pensjonskostnad utan kontanteffekt	5.043.935	3.582.737
Innbetaling til pensjonsordning inkl. betalt arbeidsgjevaravgift	-4.900.388	-3.009.332
Tap/vinst ved sal av anleggsmidlar	18.797	-58.949
Endring i varer	-236.245	167.602
Endring i kundefordringar	2.124.414	2.408.839
Endring i leverandørgjeld	4.201	-5.491.673
Endring i konsernmellomværande	36.501.437	18.713.226
Endring i meir-/mindreinntekt	-22.135.000	5.254.000
Endring i andre omlaupsmidlar og andre gjeldspostar	7.663.414	-8.203.637
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	51.053.972	47.139.290
KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:		
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar	0	125.000
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-39.794.642	-42.050.188
Utbetalningar til investeringar i finansielle anleggsmidlar	-174.703	-195.198
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-39.969.345	-42.120.386
KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:		
Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	0	65.000.000
Innbetalningar ved opptak av lån frå konsernselskap	1.089.877	54.493.825
Utbetalningar av utbytte	-12.027.000	-124.565.879
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	-10.937.123	-5.072.054
Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande	147.504	-53.150
Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande pr. 1.1.	966.686	1.019.836
Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande pr. 31.12.	1.114.190	966.686



Deloitte.

Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Vonett AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Konklusjon

Vi har revidert Vonett AS sin årsrekneskap som er sammansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvise bilette av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatata og kontantstrømane for regnskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese ytterlegare informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvise bilette i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the "Deloitte organization"). DTTL (also referred to as "Deloitte Global") and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

© Deloitte AS

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

Penneo Dokumentnøkkel: 7QFGJ71Y5-3ECEW-OTPA4-KWZ0F-TY80D



Deloitte.

side 2
Melding frå uavhengig revisor -
Vonett AS

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønns og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Bergen, 13. mai 2022
Deloitte AS

Bjørn Lyse Opdal
statsautorisert revisor

Penneo Dokumentnøkkel: 7QFGJH7Y53ECEW-OTPA4-KWZ0F-TY80D



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

BJØRN LYSE OPDAL

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5990-4-2647745

IP: 92.221.xxx.xxx

2022-05-14 12:43:06 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: 7QFGJH71Y5-3ECEW-OTPA4T-KW20F-TY80D

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

vonett

Vonett AS - Styret si årsmelding 2021

Vonett AS er eigd av Voss Energi AS og vert drive frå Voss. Drifta omfattar distribusjon av elektrisk kraft. Selskapet er del av konsernet Voss Energi.

Som følge av krav i energilova om selskaps messig og funksjonelt skille mellom nettverksemd og all anna verksemd, vart det gjennomført funksjonelt skille mellom Vonett AS og dei andre selskapa i konsernet frå 01.01.2021. Det medfører at Vonett AS har ny leing frå 01.01.2021. Vidare er det som følge av krav i forskrift om nettregulering og energimarkedet (NEM-forskrifta), gjennomført namneskifte for nettselskapet frå Voss Energi Nett AS til Vonett AS med verknad frå 01.01.2022

Verksemda

Vonett AS er medelt områdekonsesjon og har ansvaret for straumforsyninga innafor Voss herad med unntak av områda som tidlegare var i Granvin herad og Ullensvang herad. Selskapet har 8 transformatorstasjonarar, 645 fordelingstransformatorar og totalt 1.763 km linjenett der høgspenningsnettet utgjer 518 km. Talet på sluttbrukarkundar ved årskiftet er 12.179.

Samla kraftomsetnad inklusiv nettap innan forsyningsområdet var 279,5 GWh mot 259,4 GWh i 2020. Samla overført kraftmengde til sluttkundar var 259,2 GWh, mot 240,5 GWh i 2020. Innmata produksjon frå småkraftverk i distribusjonsnettet var 116,5 GWh mot 188,1 GWh i 2020. Tapet i nettet var 20,3 GWh mot 18,9 GWh i 2020.

Driftsmessig var 2021 eit år med antal feilsituasjonar og driftsforstyringar i distribusjonsnettet på nivå med året før, men varigheit, feilstad og tidspunkt for nokre av feilsituasjonane medførte auka volum ikkje levert energi og tilhøyrande auke i kostnader. I alt medførte feilsituasjonar og planlagde utkoplingar til kostnader for ikkje levert energi (KILE) på kr 2.352.788 mot kr 1.121.000 i 2020. Utvikling i driftsforstyringar vert følgd nøye slik at det kan vurderast tiltak eller at planlagde fornyingar kan omprioriterast.

Viktige driftsoppgåver er årleg linjesynfaring og systematisk skogrydding. Linjesynfaring for å oppdaga feil og avvik slik at desse kan rettast før dei fører til feilsituasjonar, og skogrydding for å halda linjetraséane ryddige og hindra at tre og greiner kjem i kontakt med linjene og medfører driftsforstyringar. Skogrydding vert utført med innleigd skogsentreprenør. Omlegging frå luft- til kabelnett er med å forbetrar forsyningsikkerheita, og i 2020 vart høgspennings luftnettet redusert med 5 km og kabelnettet auka med 27 km. Fornyng av linjenettet ligg på eit nivå som opprettheld leveringskvaliteten i nettet, og i 2021 vart mellom

anna det sett i drift nytt 22kV koplings- og kontrollanlegg i Kjønnagard transformatorstasjon. Dette anlegget vart sett i drift samstundes som den nye 132 kV linja frå Kjønnagard til Myrkdalen vart sett i drift. Den nye linja aukar leveringskapasiteten og betrar forsyningsstryggleiken til Myrkdalen. Linja vert drifta med 22 kV driftsspenning fram til forbruket i Myrkdalen har auka så mykje at det vert behov for transformatorstasjon i Myrkdalen.

Vi ser og at mykje resursar går til oppgradering av låg spennings nettet. Årsaka er blant anna at solceller på tak og hurtig elbilading aukar. Ein del går også på leveringskvalitet, som krev oppgradering/forsterking av nett. Dette kjem nok til og krevja mykje resursar i åra som kjem spesielt med tanke på hushaldning og hyttekundar.

Selskapet utfører drift og vedlikehald av kommunalt veg- og gateljos.

Økonomi

Regnskapene for 2021 er gjort opp med eit årsresultat etter skatt på kr 8.719.116 mot kr 14.858.116 i 2020. Resultatet før skatt er kr 11.242.967, medan driftsresultatet er kr 15.001.510. Samla driftsinntekter er kr 128.707.031 mot kr 101.742.358 i 2020. Totalkapitalen i selskapet ved utgangen av året er kr 513.336.590. Eigenkapitalen er kr



vonett

263.570.745 som gir ein eigen kapitalandel på 51,3 %. Likviditeten i selskapet er kr 1.114.190, og likviditetsgrad 1 er 0,65.

Selskapet har kr 120.583.702 i langsiktig gjeld, fordelt på kr 65.000.000 i ansvarleg lån til Voss Herad og kr 55.583.702 til konsernselskap. Dette etter at det i 2020 ble gjennomført et debitorskifte på det ansvarlege lånet frå Voss Energi AS til Vonett AS og Voss Energi Produksjon AS.

Samla inntekt frå nettleige er regnskapsført med kr 121.407.982. Saldo for opparbeid meirinntekt er pr 31.12 kr 10.642.623. Opparbeid meirinntekt skal tilbakeførast til kundane over nettleiga dei komande åra. På grunn av korona situasjonen har selskapet ekstraordinært redusert nettleien for perioden april til og med desember. Denne reduksjonen har redusert meirinntekta med om lag kr 22.000.000.

Fortsatt drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om fortsatt drift av selskapet. Styret vurderer selskapet sin økonomi som god og at det er grunnlag for vidare utvikling av selskapet.

Styreansvar

Selskapet har ikkje teikna styreansvarsforsikring for verken konsernet eller nettselskapet

Risiko og usikkerhetsfaktorar

Selskapet si tillate inntekt frå nettverksemda vert fastsett av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjennom ein inntektsrammemodell der alle nettselskap i landet vert målt mot kvarandre. Endringar i inntektsrammemodellen og inngangsverdiar i denne har, og kan medføre relativt store endringar i tillat inntekt frå år til år.

Ettersom nettselskapet ikkje har nokon dominerande kundar, og i gitte situasjonar har moglegheit for å stenga straumleveransen, vert kredittrisikoen knytt til nettkundar vurdert til å vera avgrensa.

Koronavirus/Covid-19 pandemien som på gjekk og unormalt høge kraftprisar kunne påverka selskapet ved redusert kraftomsetnad og redusert inntekter, og kundar som fekk betalingsvanskar. Vi såg ikkje den store effekten av dei faktorane i 2021.

Høg kraftpris spesielt på slutten av året, har økt kostnadane på nett-tap betydeleg, det har forsett inn i 2022 og vil føra til ein auke i nettleiga framover.

Organisasjon, personale og arbeidsmiljø

Selskapet er organisert i følgjande avdelingar; netteigar, ressurs, kunde og DLE. Administrasjon, personal tjenester vert kjøpt av morselskapet i konsernet.

Ved utgangen av året var det 29 tilsette, av desse er 4 lærlingar. Av dei tilsette er det 2 kvinner. Antal årsverk i 2021 var totalt 28,5. Med unntak av kundehandsaming er selskapet si verksemd knytt til ein bransje der menn generelt er i overvekt. Selskapet ønskjer auka kvinneandel, men også i skuleverket som dannar grunnlaget for rekruttering av nye medarbeidarar, særleg til energimontørfaget er kvinnene få.

Arbeid med verne- og miljøarbeidet og internkontrollsystem med mellom anna årleg gjennomgang av driftsforskrifter og fyrstehjelp for teknisk personale og årleg kontroll av løfteutstyr. Lovpålagde kurs og øvingar er gjennomført. Fokus på avviksmeldingar har halde fram også i 2021, og totalt antal rapporterte avvik i konsernet i 2021 vart 74 mot 81 i 2020. Det er ikkje registrert skade som medførte sjukefråvær, og tilhøyrande skadefråværsfrekvens H1 er såleis 0. Selskapet er tilknytt bedriftshelseteneste *Bedriftshelse1* og har avtale med NAV som IA-bedrift. Samla sjukefråvær var 1,3 % i 2021.

Ytre miljø

Distribusjon av elektrisk kraft skjer i samsvar med lover, forskrifter og tildelte konsesjonar. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø utover det som normalt følgjer av



voneft

energiverksemd. Selskapet legg vekt på ta omsyn til miljø og estetikk ved utbygging og drift av nettet, mellom anna ved at luftlinjer vert lagt i kabel der tilhøve ligg til rette for det i samband med fornying av gamle anlegg og ved nyinvesteringar. Selskapet har rutinar for handsaming av avfall, og alt avfall vert kjeldesortert før levering til mottak. Demonterte koparliner vert nytta oppatt som jordelektroodar i framtidige grøfter og fundament.

Framtidsutsikter

Styret vurderer selskapet sine moglegeheiter for vidare utvikling som gode, men påpeikar at det grøne skifte som vi no er starten av vil gje nettselskapet større utfordringar i åra som kjem. Vi er midt oppe i elektrifiseringa av transportsektoren, noko som vil auka på når for eksempel bussar/taxiar etc skal over på el. Anleggsplassar skal også over på fornybar energi. Vi får og forespørjingar om kapasitet til industri bygging. Vidare ser vi at Regionalnettet i indre strøk av Hordaland står framfor ei fornying og forsterking. Behovet for kapital kan difor vera aukande i åra som kjem.


Disponering av overskot

Etter ei samla vurdering av selskapet si stilling fremmar styret følgjande framlegg til disponering av selskapet sitt årsoverskot på kr 8.719.116 :


Avsett til anna eigenkapital:	kr 8.719.116
Tilleggsutbytte:	kr 0
<u>Avgitt til konsernbidrag:</u>	<u>kr 0</u>
Sum disponert:	kr 8.719.116


Voss, 11. mai 2021


Atle Neteland
Styrelleiar


Bjørge Djukastein
Nestleiar


Jorunn Lødemel
Styremedlem


Unn Fauskanger
Styremedlem


Morten Helgaset
Styremedlem tilsette


John Magne Herre
Dagleg Leiar



Årsrekneskap 2021 Vonett AS

Org.nr.: 918 999 361



Vonett AS

Resultatrekneskap

NOTER	DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2021	2020
12	Inntekter fra kraftoverføring	121 407 982	92 803 025
	Annan driftsinntekt	7 299 049	8 939 334
7	Sum driftsinntekter	<u>128 707 031</u>	<u>101 742 358</u>
1	Aktivering egne investeringsarbeid	-5 254 655	-5 938 095
	Varekostnad	76 058	85 844
	Kraftkjøp	25 806 808	3 609 066
	Overføringskostnad	19 624 212	18 772 133
1, 5	Lønskostnad	29 850 126	25 154 483
3	Avskrivning av driftsmidler og immaterielle egedelar	15 726 583	15 076 914
1, 4	Annan driftskostnad	27 876 388	29 020 915
	Sum driftskostnader	<u>113 705 521</u>	<u>85 781 258</u>
	Driftsresultat	<u>15 001 510</u>	<u>15 961 100</u>
	FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER		
	Annan renteinntekt	167 521	127 157
	Anna finansinntekt	0	4 447 318
7	Rentekostnad til føretak i same konsern	1 243 341	360 886
	Annan rentekostnad	2 683 023	1 065 365
	Annan finanskostnad	-300	0
	Resultat av finanspostar	-3 758 542	3 148 224
	Ordinært resultat før skattekostnad	<u>11 242 967</u>	<u>19 109 324</u>
8	Skattekostnad på ordinært resultat	<u>2 523 851</u>	<u>4 251 208</u>
	Resultat i året	<u>8 719 116</u>	<u>14 858 116</u>
	OVERFØRINGAR		
	Avsett til annan egenkapital	8 719 116	-118 088 823
	Tilleggsutbyte	0	-123 565 879
	Avgitt konsernbidrag (etter skatt)	0	9 381 060
	Sum overføringar	<u>8 719 116</u>	<u>14 858 116</u>



Vonett AS

Balanse pr. 31. desember

NOTER	EIGA	2021	2020
	Anleggsmidler		
	Varige driftsmidler		
	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	389 430 593	363 452 549
	Maskinar og anlegg	40 976 976	42 861 975
3	Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar o.l.	3 432 619	3 476 401
3	Sum varige driftsmidler	<u>433 840 188</u>	<u>409 790 925</u>
	Finansielle anleggsmidler		
6	Andre fordringar	802 897	628 194
	Investeringar i aksjar og andelar	125 400	125 400
5	Pensjonsmidlar	5 102 681	5 246 227
	Sum finansielle anleggsmidler	<u>6 030 978</u>	<u>5 999 821</u>
	Sum anleggsmidler	<u>439 871 166</u>	<u>415 790 746</u>
	Omlaupsmidler		
11	Varer	<u>2 860 449</u>	<u>2 624 204</u>
	Fordringar		
7	Kundefordringar	42 265 511	44 389 925
7	Fordring på konsernselskap	25 038 865	0
	Andre kortsiktige fordringar	2 186 409	0
	Sum fordringar	<u>69 490 785</u>	<u>44 389 925</u>
9	Bankinnskot, kontantar o.l.	<u>1 114 190</u>	<u>966 686</u>
	Sum omlaupsmidler	<u>73 465 423</u>	<u>47 980 815</u>
	SUM EIGA	<u>513 336 590</u>	<u>463 771 561</u>



Vonett AS

Balanse pr. 31. desember

NOTER	EIGENKAPITAL OG GJELD	2021	2020
	Eigenkapital		
	Innskoten eigenkapital		
2	Aksjekapital (30 aksjar à kr 1 000 000)	30 000 000	30 000 000
	Overkurs	209 095 629	209 095 629
	Annan innskoten eigenkapital	15 756 000	0
	Sum innskoten eigenkapital	<u>254 851 629</u>	<u>239 095 629</u>
	Opptent eigenkapital		
	Annan eigenkapital	8 719 116	0
	Sum opptent eigenkapital	<u>8 719 116</u>	<u>0</u>
10	Sum eigenkapital	<u>263 570 745</u>	<u>239 095 629</u>
	Gjeld		
	Avsetjing for forpliktingar		
8	Utsett skatt	17 793 887	10 826 036
	Sum avsetjing for forpliktingar	<u>17 793 887</u>	<u>10 826 036</u>
	Annan langsiktig gjeld		
6	Ansvarleg lån	65 000 000	65 000 000
7	Langsiktig gjeld til konsernselskap	55 583 702	54 493 825
	Sum annan langsiktig gjeld	<u>120 583 702</u>	<u>119 493 825</u>
	Kortsiktig gjeld		
7	Leverandørgjeld	13 147 623	13 143 422
8	Betalbar skatt	0	142
	Skuldige offentlege avgifter	16 849 008	15 768 027
7	Gjeld til konsernselskap	56 137 451	26 824 149
	Annan kortsiktig gjeld	14 611 550	5 842 709
12	Akkumulert meirinntekt	10 642 623	32 777 623
	Sum kortsiktig gjeld	<u>111 388 256</u>	<u>94 356 072</u>
	Sum gjeld	<u>249 765 845</u>	<u>224 675 933</u>
	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	<u>513 336 590</u>	<u>463 771 561</u>

Voss, 11. mai 2022

Atle Neteland
styreleiar

Björg Djukastein
nestleiar

Jorunn Lødemel
styremedlem

Morten Helgaset
styremedlem

Unn Fauskanger
styremedlem

Jon Magne Herre
dagleg leiar



Vonett AS

Notar til rekneskap 2021

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk i Noreg.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omlaupsmidlar. Fordringar som skal attendebetalt innan eit år er klassifisert som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterie lagt til grunn.

Omlaupsmidlar vert vurdert til lavaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskost, men vert nedskrivne til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavare enn bokført verdi, og verdifallet er forventa å ikkje vere forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig.

Andre aksjar og eigarpartar klassifisert som anleggsmidlar

Aksjar og investeringar i selskap der selskapet ikkje har betydeleg innverknad, er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som er forventa ikkje å vere forbigåande. Motteke utbyte frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

Bankinnskot, kontantar og liknande

Bankinnskot, kontantar ol. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Varer

Varer er vurdert til lavaste av anskaffingskost etter FIFO-metoden og netto salsverdi.

Pensjonar

Selskapet har kollektiv pensjonsordning for dei tilsette. Ordninga er ein ytingsplan, det vil seie at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte ytingane. Ved rekneskapsføring av pensjon som er ytingsplan, blir forpliktinga kostnadsført over oppteningstida i henhold til planen sin oppteningsformel. Allokeringmetode tilsvarar planen sin oppteningsformel med mindre det vesentlege av oppteninga skjer mot slutten av oppteningsperioden. Lineær opptening vert då lagt til grunn. For pensjonsordningar etter lov om foretakspensjon vert såleis lineær opptening brukt. Selskapet har også usikra pensjonsordning i form av tariffesta avtalefesta førtidspensjonsordning.

Lineær opptening vert då lagt til grunn. For pensjonsordningar etter lov om foretakspensjon vert såleis lineær opptening brukt. Selskapet har også usikra pensjonsordning i form av tariffesta avtalefesta førtidspensjonsordning.

Estimatavvik og verknaden av endra føresetnadar vert amortisert over forventa gjenverande oppteningstid i den grad dei overstig 10% av det høgaste av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane (korridor). Verknaden av planendingar med attendeverkande kraft som ikkje er betinga av framtidig tilsetjing, innrekna i resultatrekneskapen omgåande. Planendingar med attendeverkande kraft som er på vilkår av framtidig tilsetjing, vert fordelt lineært over tida fram til ytinga ikkje lenger er på vilkår av framtidig tilsetjing.

Netto pensjonsforplikting er differansen mellom noverdien av pensjonsforpliktinga og verdien av pensjonsmidlar som er avsett for betaling av ytingane. Pensjonsmidlane blir vurdert til verkeleg verdi. Måling av pensjonsforplikting og pensjonsmidlar blir gjennomført på balansedagen. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala, og er berekna av netto faktisk underfinansiering.



Vonett AS

Notar til rekneskap 2021

Rekneskapsprinsipp held fram

Inntekter

Overføringsinntekter

Nettdrifta vert regulert av styresmaktene ved at Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) årleg fastset inntektsrammer for kvart selskap.

Inntektsramma vert fastsett på bakgrunn av faktiske historiske kostnader, verdien av selskapet sin nettkapital og målt effektivitet samanlikna med andre tilsvarende selskap. Inntektene vert i tillegg regulert i høve til mengda leveringsavbrot gjennom året, generell pris og renteutvikling.

Meir-/mindreinntekt er differansen mellom inntektsramma og faktiske innbetalte nettleigeinntekter. Meirinntekt skal rentebereknast med rentesats fastsett av NVE og attendeførast til kundane. Mindreinntekt kan tilsvarende rentebereknast og krevjast inn frå kundane.

Andre inntekter

Ved varesal:

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent, altså når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfellet når vara er levert til kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Ved tenestesa:

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent, altså når krav på vederlag oppstår. Dette skjer når tenesta vert ytt, i takt med at arbeidet vert utført. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Kostnader

Kostnader vert som hovudregel rekneskapsført i same periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfella det ikkje er ein klar samanheng mellom utgifter og inntekter vert fordelinga fastsett etter skjønsmessige kriterier. Øvrige unntak frå samanstillingsprinsippet er angitt der det er aktuelt.

Vedlikehaldskostnader

Det er utført naudsynt vedlikehald på alle anleggsdelar. Det er ikkje føreteke avsetjing for utsett vedlikehald fordi kostnadene kjemt til jamt over levetida. Vedlikehald/reinvestering som medfører vesentleg lengre levetid og inntening vert balanseført.

Skattar

Skatt på overskot vert samanstillt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytt til eigenkapital-transaksjoner, for eksempel konsernbidrag, vert ført mot eigenkapitalen.

Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på året si direkte skattepliktige inntekt) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden vert fordelt på ordinært resultat og verknad av prinsippending og korrigerings av feil ut i frå skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med basis i den idirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for å kunne presentere kontantstraumar som er tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar.



Vonett AS

Notar til rekneskap 2021

Note 1 Lønskostnader og ytingar, godtgjersler til dagleg leiar, styret og revisor

Lønskostnader	2021	2020
Løner	21 871 446	19 305 874
Arbeidsgjevaravgift	3 651 078	2 881 474
Pensjonskostnader	4 063 248	2 876 034
Andre ytingar	264 354	91 100
Sum	29 850 126	25 154 483

Talet på årsverk sysselsett i rekneskapsåret	27	27
--	----	----

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	1 354 194	0
Pensjon	10 682	0
Anna godtgjersle	23 825	64 200
Sum	1 388 701	64 200

Det er ikkje ytt lån eller stilt trygd til dagleg leiar eller medlemmar av styret.

Revisor

Godtgjersle til Deloitte AS og samarbeidande selskap for revisjon og revisjonsrelaterte tenester utgjær:

	2021	2020
Avtalt revisjon	150 400	132 200
Skatterådgjeving	21 500	23 200
Andre attestasjonstenester	23 000	18 000
Sum	194 900	173 400

Note 2 Aksjonærar

Aksjekapitalen i Vonett AS pr. 31.12.2021 er sett saman av:

	Antal	Pålydande	Bokført
Ordinære aksjar	30	1 000 000	30 000 000
Sum	30		30 000 000

Eigarstruktur

	Antal	Eigarandel	Stemmeandel
Voss Energi AS	30	100 %	100 %
Totalt antal aksjar	30	100 %	100 %



Vonett AS
Notar til rekneskap 2021

Note 3 Anleggsmiddel

	R-Nett	Bilar/Transport middel	Inventar, maskiner mv	D-Nett
Innkjøpskostnad pr. 01.01.21	147 813 339	12 312 652	73 054 547	465 450 867
Tilgang kjøpte driftsmiddel	3 814 883	686 167	2 506 999	57 632 549
Avgang i året				842 940
Innkjøpskostnad 31.12.21	151 628 222	12 998 819	75 561 546	522 240 476
Akkumulerte avskrivningar 31.12.21	58 454 492	10 355 726	33 367 332	240 696 763
Av- og nedskrivningar pr. 31.12.21	58 454 492	10 355 726	33 367 332	240 696 763
Bokført verdi 31.12.21	93 173 730	2 643 093	42 194 214	281 543 713
Ordinære avskrivningar dette året	2 427 488	921 617	3 942 653	7 824 080
Økonomisk levetid	50 år	5-7 år	5-8 år	30-40 år

	Bygning	Anlegg i arbeid	Sum
Innkjøpskostnad pr. 01.01.21	60 499 386	27 805 135	786 935 925
Tilgang kjøpte driftsmiddel			64 640 598
Avgang i året			842 940
Innkjøpskostnad 31.12.21	60 499 386	27 805 135	850 733 583
Akkumulerte avskrivningar 31.12.21	49 172 956		392 047 269
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.21		24 846 123	24 846 123
Av- og nedskrivningar pr. 31.12.21	49 172 956	24 846 123	416 893 392
Bokført verdi 31.12.21	11 326 430	2 959 012	433 840 188
Ordinære avskrivningar dette året	610 746		15 726 583
Nedskrivningar dette året		24 846 123	24 846 123
Økonomisk levetid	50 år		

Alle driftsmiddel vert avskrivne lineært.

Note 4 Spesifikasjon av resultatpostar

Spesifikasjon av annan driftskostnad	2021	2020
Kostnader eigedom	1 359 110	909 984
Leige maskiner og inventar	6 563 797	9 171 301
Verktøy, inventar og driftsmateriell	8 882 196	8 368 719
Reparasjon og vedlikehald	5 311 215	4 765 355
Framande tenester	2 958 955	2 848 982
Kontorkostnad	626 376	621 912
Kostnad transportmiddel	1 230 397	1 084 769
Kostnad og godtgj. for reiser, diett, bil o.l.	90 942	59 568
Sals-, reklame- og representasjonskostnader	41 706	62 695
Kontingent og gåve	273 748	275 729
Forsikring	546 913	134 627
Eigedomsskatt og off.avgifter	135 433	1 931 898
Andre driftskostnader	-144 401	-1 214 624
Sum	27 876 388	29 020 915

**Vonett AS****Notar til rekneskap 2021****Note 5 Pensjonskostnader, -midlar og -forpliktingar**

Foretaket er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som tilfredsstillar krava i denne lova.

Selskapet si kollektive pensjonsordning (ytingsordning) gjev rett til definerte fremtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av antal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketryga. Forpliktinga er fondert gjennom eit forsikringsselskap (sikra ordning).

Pensjonsordninga er fordelt på ei kollektiv pensjonsordning og ei avtalefesta pensjonsordning (AFP). AFP-ordninga er behandla som en ytingsordning, og AFP-forpliktinga er aktuarberekna. Berekninga for ordninga er vist som usikra ordning.

	2021	2020
Noverdi av pensjonsopptening i året	3 355 929	2 561 382
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	1 885 351	2 256 953
Avkastning på pensjonsmidlar	-2 620 598	-3 068 687
Administrasjonskostnader	125 231	141 406
Resultatført estimeringstap/(gevinst)	1 910 848	1 442 819
Periodisert arbeidsgjevaravgift	387 174	248 864
Periodisert arbeidsgjevaravgift	0	0
Netto pensjonskostnad	5 043 935	3 582 737

Talet på personar omfatta av ordninga	2021	2020
Aktive	30	31
Pensjonistar	31	30
Totalt	61	61

Økonomiske føresetnader	2021	2020
Diskonteringsrente	1,90 %	1,70 %
Venta lønsregulering	2,75 %	2,25 %
Venta pensjonsauke	1,73 %	1,24 %
Venta regulering av folketrygdas grunnbeløp (G)	2,50 %	2,00 %
Venta avkastning på fondsmidlar	3,70 %	3,10 %

Som aktuarmessige føresetnadar for demografiske fakturar og avgang er lagt til grunn vanleg benytta føresetnad innan forsikring.

	2021 Usikra og sikra ordning *)	2020 Usikra og sikra ordning*)
Berekna pensjonsforplikting	-109 717 222	-109 511 072
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	89 026 682	84 414 620
Periodisert arbeidsgjevaravgift	-2 917 366	-3 538 600
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik inkl. aga	28 710 587	33 881 279
Netto pensjonsforplikting (overdekning)	5 102 681	5 246 227

*) Selskapet nyttar KLP som aktuar. KLP skil ikkje mellom sikra og usikra ordning.
Tala angir samla forplikting knytta til usikra og sikra ordning.

**Vonett AS****Notar til rekneskap 2021****Note 6 Langsiktige fordringar og anna langsiktig gjeld**

Gjeld som forfell meir enn fem år etter slutten på rekneskapsåret	2021	2020
Ansvarleg lån fra Voss herad	65 000 000	65 000 000
Sum anna langsiktig gjeld	65 000 000	65 000 000

Fordringar med forfall seinare enn eitt år	2021	2020
Eigenkapitalinnskot KLP	802 897	628 194
Sum	802 897	628 194

Note 7 Mellomvære med selskap i same konsern m.m.**Resultatmessige transaksjonar med nærstående partar:**

Transaksjon	Rekneskapslinje	Motpart	Relasjon	2021	2020
Nettleige	Driftsinntekter	Voss herad	Eigar i mor	0	3 561 844
Gatelys	Driftsinntekter	Voss herad	Eigar i mor	1 843 995	955 138
Eigedomsskatt	Driftskostnad	Voss herad	Eigar i mor	135 434	1 931 898
Andre tenester	Driftskostnad	Voss herad	Eigar i mor	0	94 846
Andre tenester	Driftsinntekter	Voss Energi AS	Morselskap	0	955 138
Rentekostnad	Rentekostnad	Voss herad	Eigar i mor	0	891 764
Rentekostnad	Rentekostnad	Voss Energi Produksjon AS	Systemerselskap	0	487 196
Husleige	Driftsinntekter	Voss Energi AS	Morselskap	144 000	139 000
Husleige	Driftsinntekter	Voss Energi Prod.AS	Systemerselskap	133 000	128 000
Husleige	Driftsinntekter	Voss Energi Kraft AS	Systemerselskap	47 000	45 000
Kraftkjøp	Driftskostnad	Voss Energi Kraft AS	Systemerselskap	1 062 068	150 747
Andre tenester	Driftsinntekter	Voss Energi Prod.AS	Systemerselskap	161 420	1 357 316
Adm.tenester	Driftskostnad	Voss Energi AS	Morselskap	5 680 000	8 194 295
Arbeid	Driftsinntekter	Voss Fiber AS	Systemerselskap	0	2 434 047
Sum				9 206 917	21 326 229

Mellomværande med nærstående partar - fordring:

Transaksjon	Mellomværande	Relasjon	2021	2020
Voss Fiber AS	Kundefordring	Systemerselskap	159 575	1 681 104
Voss Energi AS	Kundefordring	Morselskap	1 987 995	1 094 138
Voss Energi Kraft AS	Kundefordring	Systemerselskap	1 109 068	195 747
Voss Energi Prod. AS	Kundefordring	Systemerselskap	632 843	1 485 316
Voss Energi AS	Konsernkonto	Morselskap	32 762 697	3 635 510
Sum fordringar			36 652 178	8 091 815

Mellomværande med nærstående partar - gjeld:

Transaksjon	Mellomværande	Relasjon	2021	2020
Voss Energi AS	Annan kortsiktig gjeld	Morselskap	0	0
Voss Energi AS	Avsett utbyte	Morselskap	0	0
Voss Energi Prod. AS	Annan kortsiktig gjeld	Systemerselskap	0	0
Voss Energi Kraft AS	Leverandørgjeld	Systemerselskap	56 861	24 122
Voss Energi AS	Leverandørgjeld	Morselskap	5 680 000	0
Voss Fiber AS	Leverandørgjeld	Systemerselskap	188 147	0
Sum gjeld			5 925 008	24 122

**Vonett AS****Notar til rekneskap 2021****Note 8 Skatt**

Skattekostnad dette året	2021	2020
Resultatført skatt på ordinært resultat:		
Skatt som skal betalast	0	2 646 082
Endring i utsett skatt	2 523 851	1 605 126
Skattekostnad ordinært resultat	2 523 851	4 251 208
Skattepliktig inntekt:		
Ordinært resultat før skatt	11 242 967	19 109 324
Permanente skilnader	229 079	214 350
Endring i mellombelse skilnader	-31 688 363	-7 296 029
Motteke konserntilskott	20 200 000	0
Avgjeve konserntilskott	0	-12 027 000
Skattepliktig inntekt	-16 316	645
Skatt i balansen som skal betalast:		
Skatt på resultatet dette året som skal betalast	-4 444 000	2 646 082
Skatt på avgjeve konserntilskott som skal betalast	0	-2 645 940
Skatt på motteke konserntilskott som skal betalast	4 444 000	0
Sum skatt i balansen som skal betalast	0	142
Utrekning av effektiv skattesats		
Resultat før skatt	11 242 967	19 109 324
Skatt rekna av resultat før skatt	2 473 453	4 204 051
Skatteeffekt av permanente forskjellar	50 397	47 157
Sum	2 523 850	4 251 208
Effektiv skattesats	22,4 %	22,2 %

Skatteeffekten av mellombelse skilnader og underskott til framføring som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader

	2021	2020	Endring
Varige driftsmiddel	87 425 821	77 604 989	-9 820 831
Fordringar	-988 260	-864 337	123 923
Pensjonspremie/- forplikting	5 102 681	5 246 227	143 546
Andre skilnader	-10 642 623	-32 777 623	-22 135 000
Sum	80 897 619	49 209 256	-31 688 363
Akkumulert underskott som kan framførast	-16 316	0	16 316
Grunnlag for utsett skatt	80 881 302	49 209 256	-31 672 046
Utsett skatt (22 %)	17 793 887	10 826 036	-6 967 850



Vonett AS

Notar til rekneskap 2021

Note 9 Bankinnskott

Midlar på skattetrekkkonto (bundne midlar) er kr 1 113 721.

Voss Energi konsernet har organisert bankkontoane i ein konsernkonto hos DNB. Voss Energi AS er banken sin motpart på vegne av dei dotterselskapa som inngår i konsernkontoordninga. Alle selskapa i konsernet som deltek i konsernkontosystemet er solidarisk ansvarleg for oppfyljing av konsernet sine forpliktingar overfor Sparebanken Vest herunder kreditt, renter og omkostningar. Konsernkonto er klassifisert som konsernmellomverande i rekneskapen.

Note 10 Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Per. 31.12.2020	30 000 000	209 095 629	0	0	239 095 629
<i>Endring EK i året</i>					
Resultat i året				8 719 116	8 719 116
Konsernbidrag, motteke			15 756 000		15 756 000
Per 31.12.2021	30 000 000	209 095 629	15 756 000	8 719 116	263 570 745

Note 11 Varer

	2021	2020
Lager av driftsmateriell	2 860 449	2 624 204



Vonett AS
Notar til rekneskap 2021

Note 12 Meir-/mindreinntekt

	2021	2020
Inntektsramme frå NVE inkl. KILE	94 881 000	80 303 000
Investerings tillegg	0	-246 000
KILE kostnad i året	-2 589 000	-1 121 000
Kostnader overliggjande nett	19 624 000	18 772 000
Eigedomsskatt	125 000	1 924 000
Andre kostnader	3 205 000	-5 886 000
Korreksjonar tidlegare år	-143 623	-335 000
Sum tileten inntekt	115 102 377	93 411 000
Tariffinntekt	88 502 000	94 574 000
Meirinntekt i året	22 350 000	-4 707 000
Akkumulert meir (-)/ (mindreinntekt pr. 1.1.	-32 777 623	-27 523 623
Meirinntekt i året	22 350 000	-4 707 000
Berekna renter på meirinntekt i året	-215 000	-547 000
Akkumulert meir (-)/ -mindreinntekt pr 31.12	-10 642 623	-32 777 623
Nettkapital (NVE-kapital)	409 324 000	384 242 000
Avkasning	2,93 %	3,90 %

Note 13 Pantstillingar og garantiar

Selskapet har stilt sikkerheit for konsernkonto pålydande kr 20.000.000.